



Siva - Selskapet For Industrivekst Sf
Professor Brochs gate 12
7030 Trondheim

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	24/36541 - 25/25861	May Britt Roald -	04.03.2025

Oppdragsbrev Siva 2025 - Næringshage- og inkubasjonsprogram frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Gjennom dette brevet overfører Møre og Romsdal fylkeskommune midlar til Siva for sin innsats i Møre og Romsdal under ordningane næringshage- og inkubasjonsprogram. Overføringa vert dekt av midlar frå Kommunal- og distriktsdepartementet, statsbudsjettet kap. 553, post 61. Totalt vert det overført til 23,5 mill. kroner til Siva for oppdraget i Møre og Romsdal i 2025.

1. Overordna mål og føringar

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt oppdrag til Siva for 2025 er at næringshage- og inkubasjonsprogramma, og dei miljøa som er operatørar skal bruke sine virkemiddel for å oppnå regional mål i desse strategiane og satsingane:

- [Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025-2028](#)
- Fylkesstrategi for forskning og innovasjon 2025-2028 (blir behandla av fylkestinget i juni 2025)
- [Skaparkraft](#) – eit omstillingsprogram for auka berekraftig eksport i Møre og Romsdal 2022-2032
- [Grønt industriløft](#) – kunnskapsgrunnlag for grøn næringsomstilling i Møre og Romsdal
- [«Missionsatsinga»](#) - samfunnsoppdrag om sirkulær, grøn nærings- og industriutvikling med regionalt utgangspunkt
- Regional samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen, Innovasjon Norge, forskningsrådet og Siva.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber Siva legge særleg vekt på prioriteringane i Grønt industriløft, som er satsing på grøn maritim skipsfart, biomarin næring og sirkulære hubar, samt Skaparkraft, der fokus er regional utvikling av berekraftige, sirkulære verdikjeder for auka eksport.

2. Møre og Romsdal fylkeskommune sitt oppdrag til Siva over post 553.61 for 2025

Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennom kap. 553 post 61 i statsbudsjettet fått ei ramme til fordeling mellom Siva og Innovasjon Norge på 68 361 000 kroner. Møre og Romsdal fylkeskommune tildeler Siva totalt 23 500 000 kroner frå denne posten i 2025.

Fordeling av midlar til inkubatorane i Møre og Romsdal

Protomore	6 200 000 kroner
Ålesund Kunnskapspark	6 200 000 kroner
Vindel	3 100 000 kroner
Totalt	15 500 000 kroner

Fordeling av midlar til næringshagane i Møre og Romsdal

Vindel	2 900 000 kroner
Nordveggen	2 900 000 kroner
Sunnmøre kulturnæringshage	2 200 000 kroner
Totalt	8 000 000 kroner

Midlar til administrasjon og gjennomføring av oppdraget blir finansiert av Kommunal- og distriktsdepartementets overføring til Siva på kap. 553.61, på vegner av fylkeskommunane. Kommunal- og distriktsdepartementet overfører i 2025 19,2 mill. kroner til administrasjon og gjennomføring av alle dei regionale oppdraga til Siva over kap. 553, post 61. Ved risiko for at faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnader vil overstige berekna ressursbruk, skal Siva varsle fylkeskommunane om dette. Eventuell overstigande ressursbruk til føremålet skal avklarast med fylkeskommunane og leggjast til neste års administrasjons- og gjennomføringskostnader. Dersom Siva har ubrukt midlar til administrasjon og gjennomføring ved årets slutt, blir dette overført til neste års oppdrag.

3. Styring, koordinering og samhandling

Styringsdialog:

Det er lagt opp til to regionale styringsmøte mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Siva i samband med oppdragsbrevet for 2025. Første møte blir i mai 2025 og andre møte blir i september 2025. Tema i styringsdialogen er gjensidige orienteringar, statusrapportering, aktivitet og mål. Siva sin kontaktperson for Møre og Romsdal og ansvarlege for programma deltek saman med kontaktperson og leiing i Møre og Romsdal fylkeskommune. Fylkeskommunen er ansvarleg for innkalling.

Møre og Romsdal Fylkeskommune deltek i dei nasjonale styringsdialogane mellom fylkeskommunane og Siva. I 2025 er det planlagt to nasjonale styringsdialogar, eit digitalt møte i

juni og eit fysisk møte i november. Aktuelle tema for dei nasjonale styringsmøta går fram av Nærings- og fiskeridepartementet sitt oppdragsbrev til Siva.

Satsingsforslag og innspel til budsjett

I følgje departementet sitt oppdragsbrev til fylkeskommunane skal fylkeskommunane samla levere innspel til budsjett, og kan å levere satsingsforslag, med frist i oktober.

Siva skal sende budsjettinnspel til post 61 fil fylkeskommunane samla innan 26.september, med kopi til Kommunal- og distriktdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet.

Fylkeskommunane (samla) og Siva vert einig om utarbeiding av eventuelle satsingsforslag for post 61 omhandlande Siva sine næringshage- og inkubasjonsprogram, og leveransar frå Siva i dette arbeidet. Forslaget skal drøftast i nasjonalt styringsdialogmøte på hausten.

Koordinering, samhandling og deltaking i regionale utviklingsprosessar

Møre og Romsdal fylkeskommune skal saman med Siva, Innovasjon Norge og Forskningsrådet utarbeide felles årshjul for mobiliseringsaktivitetar ut mot bedriftene og kommunane.

Koordinering, samhandling og deltaking i regionale utviklingsprosessar er forpliktande igjennom eigen samarbeidsavtale mellom partane.

Gjensidig informasjonsplikt er generelt eit grunnleggande prinsipp. Fylkeskommunen driv omfattande kommuneretta næringsutviklingsarbeid. Vi ber om at SIVA samrår med fylkeskommunen ved engasjement på dette feltet (til dømes ved infrastruktur næringsareal) .

4. Rapportering

Rapporteringa til fylkeskommunane baserer seg på Siva sine mål- og resultatstyringssystem (MRS-indikatorar på resultat og effekt) og støttande analyser for rapportering på de regionale oppdraga. Fylkeskommunen ønskjer Siva sine samla årsrapportar og tertialrapportar. Siva skal i tillegg rapportere på særlege regionale prioriteringar og utarbeide fylkesstatistikk for føregåande års oppdrag innan 1.mars kvart år. Detaljar om innhald i rapportering utarbeidast i samsvar med Siva innan 30.mars for 2025, for å unngå dobbelt rapportering, og samkøyre indikatorar på dei regionale satsingane saman med Siva sine mål - og resultatstyringssystem.

Anna rapportering går fram av rapporteringskalenderen i oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet.

5. Utbetaling av midlar

Løyvinga til Siva vil bli utbetalt i to terminar, den første halvdel av årets ramme innan 1. februar, den andre terminen innan 15. august kvart år, eller så snart midlane er overført til fylkeskommunane frå Kommunal og distriktsdepartementet. Siva må i god tid før første

utbetaling informere fylkeskommunen kva konto midlane skal utbetalast til slik at dette kan påførast oppdragsbrevet.

Med helsing

Eivind Vartdal Ryste
seksjonsleiar

May Britt Roald
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur